



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 351/13 - Landsvik - oppretting av eigedom - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 13.07.21. Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppretting av eigedom som skal nyttast til oppføring av driftsbygning for fritidseigedomen gbnr. 351/78. Omsøkte parsell er på om lag 600 m<sup>2</sup> og skal eigast av gbnr. 351/78.

### Statsforvaltaren si vurdering

[Plan- og bygningslova § 19-2 er endra](#) og endringane tredde i kraft 01.07.2021. Endringane er gjort for å forenkle føresegna og for å gjere det tydelegare at ein ikkje kan dispensera om nasjonale eller regionale omsyn vert vesentleg tilsidesette.

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Eit LNF-område skal i utgangspunktet vere ubygd, med unntak av bygningar som er naudsynt for drift av landbrukseigedomen. Området som er søkt frådelt ligg på ei landbrukseigedom. Det er registrert skog med høg bonitet på området. Frådelinga vi ikkje føre til omdisponering av dyrka mark og område ligg i utkanten av landbrukseigedomen. Sjølv om frådeling ikkje vil omdisponere dyrka mark er det likevel uheldig å dele ifrå areal som kan vere ei ressurs for gardsbruket no eller i framtida. Kommunen må vurdere og legge vekt på dette i vidare handsaming. Det må også vurderast om området har interesser for friluftsliv.

Fritidseigedomen er allereie over 2 daa stor, og er allereie større enn kommuneplanen for tidlegare Meland kommune opnar for. Det er uklart kvifor ein ikkje kan plassere naudsynte bygningar på eigedomen. Ein ny eigedom, med eige gards og bruksnummer, kan også på sikt føre til eit press for å bruksendre eigedomen til ein fritidseigedom.

Statsforvaltaren rår til at kommunen følgjer kommuneplanen i denne saka og ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.



Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN